| 53 | Vestland fylke | | | | Ein aktiv skjelsandkonsesjon i Gulen, med tre konsesjonsområde, er ikkje er vist på plankartet.<br>Derimot er det vist to areal med råstoffutvinning i Alver kommune, som truleg er utgåtte skjelsandkonsesjonar frå 1990-talet, som kan takast ut av plankartet. | Eldre konsejoner i Radøy skal ut. Gjeldande konsesjon inn samt innspel på nokre nye. |
| 53 | Vestland fylke | | | | I og med at arbeidet er omfattande, blir det vanskeleg å følgje talet på innspel i planskildringa som er tatt med og dei som ikkje er tatt med (t.d. 16 vurdert til gul i tabell 7, 13 i tabell 9). | Kvalitetssjekk på språk og henvisning |
| 53 | Vestland fylke | | | | Kap 5.5 Miljømåla er ikkje nådd på lakseførande strekning i planområdet. I Vann-nett er det registrert stor påverknad frå lakselus i alle laksevassdrag. Miljømål knytt til lakselus må nås innan utgangen av 2027. Det betyr at mengd lakselus må reduserast vesentleg fram mot 2027 i planområdet slik at miljømåla i laksevassdraga vert nådd. Påverknad frå lakselus på sjøaure er enno ikkje integrert i arbeidet etter vassforskrifta. Det vert no lagt eit løp sentralt for å utarbeide kriteria for å inkludere sjøaure i trafikklyssystemet. | Tatt til orientering |
| 53 | Vestland fylke | | | | kap 5.8 1. avsnitt bør rettast opp. Forslag til ny tekst:<br>Vassføreskrifta set rammer for miljømål med fristar for alt vatn i Norge, og er Norge si gjennomføring av EU sitt vassdirektiv i norsk regelverk.<br>Alle vassdrag, fjordar kyst er delt inn i vassførekomstar. Miljøtilstanden er vurdert for alle vassførekomstar. Vassforskrifta sett krav om minst god økologisk og kjemisk tilstand for alle vassførekomstar innan 2027. Det er høve til å få utsett frist til å nå miljømålet innan 2033, eller å få eit unntak om å nå miljømålet dvs. vassførekomsten får eit lågare miljømål enn standard miljømål.<br>Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion (2022-2027) gir oversikt over miljømåla i vassregionen og tidspunkt for når miljømålet skal vere nådd. Detaljane om den enkelte vassførekomst ligg i databasen vann-nett.no. Her finn ein t.d. informasjon om miljømål, utsett fristar og tiltak for å nå miljømålet for den enkelte vassførekomst. | Tatt til følge |
| 53 | Vestland fylke | | | | Kap 5.8 2 avsnitt - forslag ny tekst<br>Planen omfattar eller grenser til 61 større og mindre kystvassførekomstar (tabell 1) b)<br>Av desse har 26 dårlegare enn god økologisk tilstand, medan 14 vassførekomstar har dårleg kjemisk tilstand, i følgje vann-nett (Tabell 21). 45 vassførekomstar har udefinert kjemisk tilstand, dvs. det manglar datagrunnlag til å sette kjemisk tilstand. | Tatt til følgje - gjort endring |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 53 | Vestland fylke | | | | Me tilrår at ein legg inn fleire område som omsynssone H570, spesielt ber me om at det Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) Den Indre Farleia<br>Me tilrår også at sjøareal knytt til steinalderlokalitetane kring Fosenstraumen får ei eigen omsynssone H570. | Den indre farleia er tatt inn som omsynssone H570.<br>Fosenstraumen - ikkje tatt inn. MÅ vurderast meir. |
| 53 | Vestland fylke | | | | I kunnskapsgrunnlaget saknar me omtale av KULA områda knytt til Gulatinget og Den indre farleia. Under punktet 3.3.2. Særleg viktig kulturlandskap og kulturmiljø i planområdet, er det naturleg å vise til dei to KULA områda i regionen. | Indre farleia er kommentert som KULA - tatt det inn i dok. For Gulatinget er ikkje vedteke ennå. Det vert jobba med i reguleringsplan som pågår. |
| 53 | Vestland fylke | | | 4.1.4. c<br>2.4.1. | Vestland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile planen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland før §§ 9 og 14 i kulturminnelova er oppfylt for den einskilde plan og tiltak, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. | Arbeidet legg ikkje opp til at det skal gjerast arkeologiske registreringar i heile planområdet. Formulering innarbeid i føresegn 4.1.4.c omtaler dette. Det er også omtalt i 2.4.1 |
| 53 | Vestland fylke | 4634 | 138-6 | | Nye tiltak på Totland ID 4634-138-6 er mangelfullt skildra i KU i høve kulturminne. KU presiserer ingen direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø som er kjend i register. | Meiner KU er god nok. Er vanskeleg å forsvare at området med den gamle hermetikkfabrikk er eit kulturområde. Sjå bilete av området. Ingen registreringar i Askeladden eller andre databaser for området. Tiltaka som er foreslått vil gi eit løft for område, det bør skje ein opprydding i området og investeringane kan gi det løftet. |
| 53 | Vestland fylke | | | | Me ser at plankartet er ufullstendig, og dette må rettast opp. Me saknar informasjon om kva kriteria som er lagt til grunn for valet av dei kjende automatisk freda kulturminna som er avmerkt i plankartet. | Tatt til orientering |
| 53 | Vestland fylke | | | | Vidare, når det gjeld planmaterialet, meiner fylkeskommunen at det mindre føremålstenleg at arealrekneskap skal kome med ferdig plan, og ikkje vere grunnlag for plan-arbeidet ved offentleg ettersyn. | Arealrekneskap vil bli utarbeida. |
| 53 | Vestland fylke | | | | Planen har noko fokus på utfordringar for akvakulturnæringane som kan løysast gjennom arealplanen, men dette kunne hatt større omfang. Då tenker vi særleg på at tilstrekkeleg og store nok akvakulturområde kan bidra til ei meir berekraftig utvikling av næringa. Det viktig at det er areal nok til at næringa får mogelegheit til å utvikle produksjonsformer som gir betre fiskehelse og kan løyse andre utfordringar. Eitt anna aspekt som er viktig for helsesituasjonen er korleis dei ulike lokalitetane påverkar kvarandre, og korleis ein kan optimalisere lokalitetsstrukturen for å redusere problema. | Tas til orientering - langsiktig arbeid - fleire aktørar og offentlege mynde som må samordne seg. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 53 | Vestland fylke | | | | Sjøområda som vert sett av til AK-område kring eksisterande anlegg bør vera store nok til å dekke behovet for å skifte ut og justere anleggsplassering; Justeringar som å skifte ut eldre anlegg med nyare og meir rømmingssikre installasjonar.<br>Akvakulturområde der det ikkje er gjeve løyve til akvakulturverksemd, bør vidareførast i ny plan for utprøving av ny teknologi, nye driftsformer og eventuelle andre artar. | Tas til orientering. Alle aktørar har blitt oppmoda om å kome med innspel. Akseptable innspel er tatt med i planarbeidet. |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | 133-3 | | Oterholmen - vore produksjon sidan 1994. Godkjent for 3600 tonn lokaitetsbiomasse - bør takast inn | Her er det esksisterane virksomhet som ønsker å få utvikla seg. Tas inn |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | 127-2f | | Tilstrekkeleg AK-område må settast av kring anlegga - Grasholmen | Etter forslag frå opperatør vert det samlokalisering. Er forslag i 2GH om endring i Radfjorden |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | | | Tilstrekkeleg AK-område må settast av kring anlegga - Ramsvik | Etter forslag frå opperatør vert det samlokalisering ….. |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | 127-Ny2d | | Tilstrekkeleg AK-område må settast av kring anlegga - Storskrebukti | Område vert justert slik at eksiserande anlegg kjem innanfor AKV område |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | 133-1 | | Tilstrekkeleg AK-område må settast av kring anlegga - Rekkeviki | Samordning - går for Vikane |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | | | Akvakultur er ikkje ivaretatt i planframlegget for Alver kommune, særleg i høve til at det ikkje er gjort endringar innanfor temaet slik behovet i planprogrammet vart skildra | Er tatt delvis til følgje - nokon endringar. |
| 53 | Vestland fylke | 4632 | Allersholmen | | AK-område ved Allersholmen er etablert, og bør kunne vidareførast med lengre brakkleggingsperiodar og/eller redusert produksjon, annan teknologi eller annan art. Akvakultur er ivaretatt i planframlegget for Austrheim kommune, og forslaget til arealplan er tilpassa akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. | Senoksen er tatt ut i 2GH. Sjå eigen vurdering. Allersholmen vert oppretthalde. |
| 53 | Vestland fylke | 4634 | | | Akvakultur er ivaretatt i planframlegget for Masfjorden kommune, særleg i høve til sikring av tilstrekkeleg areal ved anlegga for å ta i bruk og vidareutvikle utstyr for oppsamling av organisk materiale, og endring av lokalitetsstrukturen i Austfjorden. | Masfjorden kommune er nøgd med fråsegna frå Vestland fylkeskommune knytt til dette temaet, og støtta til endring av lokalitetsstrukturen i Austfjorden. |
| 53 | Vestland fylke | 4630 | | | Akvakultur er i stor grad ivaretatt i planframlegget for Osterøy kommune, særleg i høve til sikring av tilstrekkeleg areal ved anlegga for å ta i bruk og vidareutvikle utstyr for oppsamling av organisk materiale. | Merknaden vert teke til orientering. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 53 | Vestland fylke | 4635 | | | Akvakultur er i stor grad er ivaretatt i planframlegget for Gulen kommune, særleg i høve til sikring av naudsynt fleksibilitet for eksisterande akvakulturanlegg, utlegging av nye areal, gjennomgang av eldre AK-område med fjerning av mindre egna område, og vidareføring av nokon for andre artar eller produksjonsformer. | Merknaden vert teke til orientering. |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 | Dersom siste avsnitt i føresegn 3.1.9 skal stå, er det naturleg å knytte på vassforskrifta § 4 og. Underforstått, eit løyve bør ikkje gjevast dersom det er til hinder for å nå miljømålet for vassførekomsten. § 4.Miljømål for overflatevann Tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand | Vert tatt inn i føresegna |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | Langøy - Ospeneset | | AK-områda i reguleringsplanen Langøy-Ospeneset må leggjast inn i plankartet. | Takast inn i plankart- oppdatere det som er i godkjent reguleringsplan. Fjerne gamle lokalitet Ådnøy som framleis er i plankart |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | Mangersfjorden | | Det bør gjerast ei ny vurdering av to fleirbruksområde med akvakultur i Mangersfjorden. | Ikkje tatt til følgje |
| 53 | Vestland fylke | 4632 | 149-1 | | AK-område i Børildsosen kan justerast, men bør ikkje reduserast. | Arealet vert justert slik innspelet kom - ingen endring |
| 53 | Vestland fylke | 4628 | 127-2e | | Akvakulturområde ved lokaliteten Sandvik bør takast inn i planen, med eit omfang som sikrar ei miljøforsvarleg utvikling av anlegget. | Ikkje tatt til følgje. Vaksdal kommune ynskjer å fase ut og fjerne oppdrettsanlegget grunna dårleg miljøtilstand i fjorden og akvakulturlokaliteten ligg nært området definert som nasjonal laksefjord |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 | Ein kan ikkje slå fast at nasjonale miljøstandarar er overskridne innafor heile planområdet i heile planperioden. Miljøtilstanden i området vert og ivareteken ved søknad om etablering av akvakulturanlegg. Miljøtilhøva vert då vurdert etter tildelingsforskriftene etter akvakulturlova, matlova, dyrevelferdslova, naturmangfaldslova, innlandsfiskelova, viltlova, friluftslova, vassforskrifta, forureiningslova. Fyrste del av denne føresegna bør utgå då føremålet med føresegna er ivareteke ved at det står: Tiltak etter særlover kan berre tillatast dersom aktiviteten/tiltaket kan skje utan forverring av miljøtilstand, jf. pbl. §11-9, nr.6 | Fyrste del av setningen går ut slik som foreslått. Vert utdypa i planskildringa. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 a | Denne vil gjere eksisterande AK-område mindre ved at ein må trekke frå 20 meter rundt heile AK-område der det ikkje kan etablerast anleggsinstallasjonar i overflata. Fleire anlegg ligg i dag heilt i ytterkanten av AK-område. Med denne regelen vil desse ikkje lenger ligge i samsvar med plan. Om denne føresegna skal stå slik, må fleire av AK-områda utvidast med minimum 20 meter i alle retningar. For nye AK-område kan ein ta omsyn til dette ved avsetting av arealet. | Førsegn vert justert |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 a | Føresegna om at fortøyingsliner skal vera på minus 25 meter eller meir i det dei kryssar yttergrensa for AK-området vil vera særs avgrensande for bruken av areala. Føresegna kan gjere etablering på nye lokalitetar vanskelegare og små AK-område vil ikkje kunne nyttast.<br>Om føresegna skal sikre ferdsel utanfor AK området kan ein i staden vere tydeleg på det slik det er omtalt i 3.1.9, bokstav a) II første punkt. | Er tatt omsyn til - føresegn endra |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 a | Det er ikkje alle plassar nettselskapa kan levere landstraum. Det vil då vera ein tredje part som hindrar ønskt utvikling. Vi foreslår føresegna med tillegg «der infrastrukturen er på plass for dette». Vidare bør føresegna berre gjelde for nye AK-område. | Gjort endring i føresegn |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 a | Fylkeskommunen vil påpeike at arealplanar skal trekke opp rammene for arealbruken til akvakultur på eit overordna nivå, og at akvakulturnæringa elles vert regulert etter sektorlovgjevinga. Ein kommune skal ikkje gjennom arealplanar fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormynde har tilsynsansvar. | Er vurdert og gjort endring - presiser i planskildring...ønkser å kommemtere at fylkeskommunen peker på rammer for arealbruk men ikkje konskevenser av arealbruk....noko som arealplan og skal sikre |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 b | Dette er tabellar over alle løyve etter akvakulturlova med tildelt art på lokalitet. Vi forstår ikkje grunnen til at desse ligg under føresegner. Ein kan i planen lage føresegner for kva artar som kan gjevast løyve til i eit AK-område. Konsekvensen av å legge gjeldande artar på alle lokalitetane inn som føresegn er at det ikkje kan søkast om andre artar på nokon lokalitetar. Vi er usikker på om det er intensjonen her. | Tas til følgje - kvalitetssjekk |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 c | Denne må lesast som at det er krav om detaljreguleringsplan ved biomasse-auke, men ikkje ved endra arealbruk. Det vanlege er omvendt, men uansett vil fylkeskommunen påpeiker at ein kommune gjennom arealplanar ikkje kan fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel | Tatt ut av føresegn |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 53 | Vestland fylke | 4630, 4631, 4632, 4634, 4635 | | 3.1.9 c iii | Krav om rekkjefølgje og andre omsyn<br><br>Gjennom akvakulturlova og matlova har ein nytta liknande metodar for å regulere samla produksjon i til dømes ein fjord. Formålet er då produksjonsregulering for å hindre ytterlegare miljøpåverknad av lakselus på vill anadrom laksefisk.<br>Føresegnene vil få konsekvensar for aktørane som disponerer lokalitetane i området. Blom og Skaftå er lokalitetar tilhøyrande same verksemd, det same gjeld for Rekeviki og Vikane. Allersholmen tilhøyrer eit selskap medan Senoksen er eit nytt AK-område. Slik føresegna er utforma er det berre innehavaren av lok. Allersholmen som kan søkje på Senoksen. Føresegnene om rekkjefølgjekrav bør takast ut. | Det kan ikkje tas til følje. Det er omarbeida, men det må vere ein samordning for å få til omstrukturering. |
| 53 | Vestland fylke | 4630, 4631, 4632, 4634, 4635 | | 3.1.9 c iii | Føresegnene om rekkjefølgjekrav bør takast ut. | Føresegna er omarbeida noko, men der må vere rekkefølgjekrav. |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1.9 a | Vurdering om det skal utarbeidast reguleringsplan ved endringar på eksisterande anlegg bør takast ut. | Omarbeida i føresegna. Må legges til grunn at dersom omfang, verknad og funksjon vert for stor må kommunane ha moglegheit til å nytte dette verktøyet. |
| 53 | Vestland fylke | 4631 og 4634 | | 3.1.9 c | Plankrav ved endring av biomasse ved lokalitetane Duesund, Laberget og Leirvika må takast ut. | Masfjorden kommune meiner at plankrav knytt til endring av biomasse på desse tre lokalitetane kan gå ut. |
| 53 | Vestland fylke | | | 2.1.2 c | Med omsyn til strandsonevernet, er Vestland fylkeskommune opptatt av c) kulepunkt tre, der ein gjev unntak om Gjennomføring av tiltak gjev ei forbetring av tilhøva i området både på land og i sjø<br>• Forbetring kan vere opprydding av einskild fortøying, auka/betra tilgjenge til sjø for ålmenta, betra samanheng og tilhøve for ferdsle i strandsona.<br>Vi meiner formuleringa «auka/betra tilgjenge for ålmenta» er noko problematisk, då den er generell på ein slik måte at svært mange tiltak, så lenge dei ikkje er privatiserande, vil vere innafor. Fokuset på tilrettelegging kan føre til utilsikta nedbygging av naturverdiar i strandsona. | Det er gjort mindre endringer i føresegn. Kan vere at det må jobbast vidare med eksakt formulering. Planområdet dekker eit vidt geografisk område med ulike behov og prioritering og differensiering. |
| 53 | Vestland fylke | | | 2.1.2 c | Under generelle føresegner for områder som er unntatt frå plankrav er det eit vilkår i punkt 2.1.2 c som seier «Naudsynt tilgjenge, parkering og liknande er teken i vare», som vi meiner er eit punkt der «teke i vare» må tydeleggjerast meir. Anten med ein anna ordlyd eller at punktet vert utdjupa.<br>Det kan hende dei nye areala ikkje er eigna, då ikkje alle forhold som tilkomst og areal for til dømes parkering er vurdert. Og det er ikkje garanti for at dette kan løysast gjennom regulering av landareal slik det vert vist til i punkt 6.3.2. | Det er gjort mindre endringer i føresegn. Kan vere at det må jobbast vidare med eksakt formulering. Planområdet dekker eit vidt geografisk område med ulike behov og prioritering og differensiering. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 53 | Vestland fylke | | | 2.2.b), 2.4.1a) og f), 2.6<br><br>3.1 og 3.1.7.b<br><br>4.1.4.c, vrak, 4.1.5.c 4.1.5.c pkt ii | Motsegn til framlegg av kart og føresegn<br>I. Kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene og plankart. Motsegn fell bort om føresegna og plankart vert endra.<br>II. Det er ei rekkje feil og unøyaktigheiter i føresegnene for planen. Motsegna fell bort når våre rettingar til føresegnene vert teke til følgje. | 2.2. b endra<br>2.4.1a og f - justert<br>2.6 - lagt inn ny tekst<br>3.1 - er lagt inn i retningslinje - gjeld sakshandsamng<br>3.1.7 b - er ivaretatt<br>4.1.4c - er innarbeida<br>4.1.5c - justert<br>4.1.5c i - justert |
| 53 | Vestland fylke | 4630 | 127-2c | | Motsegn til planmaterialet - konsekvensutgreiinga<br>III. 4630-127-2c Blom Utvida, endra grense for akvakulturområde vil vera i konflikt med kulturmiljøet på Havrå 4630-127-2c(2) Blom utviding inn mot land. I tillegg til manglande vurdering av Havrå vil og naustmiljøet og kulturlandskapet i Blomavika verta direkte råka.<br>Fylkeskommune finn at revisjon av KU har satt konsekvensane for lågt. Motsegn fell bort om forslag til arealutviding er tatt ut av planen. | Det som er etterlyst er innarbeida i revidert KU. |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | 153 | | Lygra – Naustevik. Småbåthamn. Det er i KU ikkje tatt stilling til Askeladden id. 66399 – et automatisk freda gravfelt frå jernalder, som ligg rett vest for område. Automatisk freda kulturminne skal verdivurderast mot nytt tiltak i KU, og det skal takast omsyn til konsekvensane for kulturmiljøverdiane. Motsegn fell bort når ovanfornemnde vurdering er implementert i planen. | Tas til følgje - tiltaket er overført til KPA land. |
| 53 | Vestland fylke | 4628 | 136 | | Vaksdal – framlegg om utfylling i sjø i tilknyting til Felleskjøpet Agri og Vaksdal Mølle. Dette området grensar til Vaksdal mølle som er eit kulturminne/kulturmiljø av regional interesse.<br>Me er av den oppfatning at ei slik utfylling vil endre karakteren til landskap og kulturmiljø i ein slik grad at dei samla konsekvensane er svært negative for dette kulturmiljøet. Vestland fylkeskommune har motsegn til tiltaket | Ikkje tatt med i plan - ikkje aktuell |
| 53 | Vestland fylke | 4631 og 4635 | | | Me tilrår at ein legg inn fleire område som omsynssone H570 med tilhøyrande retningslinjer. Spesielt ber me om at Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) Den Indre Farleia og foreslått KULA landskap Gulatinget og sjøområdet ved Fosenstraumen får ei omsynssone H570. | Den indre farleia er tatt inn som omsynssone H570.<br>Fosenstraumen - |
| 53 | Vestland fylke | | | 3.1 | Me oppmodar til at tekst i grøn temaboks under punkt 3.1 i føresegnene vert lagt inn som eige føresegn, jamfør uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum. | Er sakshandsaming - og står difor som rettleiing |
| 53 | Vestland fylke | | | x | Kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene og plankart. Motsegna fell bort om føresegner og plankart vert endra. | Det er innarbeida i føresegn og kart. |
| 53 | Vestland fylke | 4631 | 153 | | 4631-153 småbåtanlegg, kaiområde og ein mindre molo, kan vere i konflikt med eit gravfelt frå jernalder.<br>Me ber om at planmaterialet blir retta opp, eller at området | Lygra - Tas til følgje - tiltaket er overført til KPA land. |
| 53 | Vestland fylke | 4628 | 136 | | 4628-136 Vaksdal – framlegg om utfylling i sjø i tilknyting til Felleskjøpet Agri og Vaksdal Mølle. Dette området grensar til Vaksdal mølle som er eit kulturminne/kulturmiljø av regional interesse.<br>Vestland fylkeskommune har motsegn til tiltaket. | Ikkje med i planforslaget |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 53 | Vestland fylke | 4631 | 124 | | Framlegg om småbåtanlegg med båtfeste, utsetningsplass for båtar etc. Ligg i det kulturhistoriske landskapet Den indre farleia som er registrert som nasjonal viktig kulturlandskap.Tiltak innanfor området kan ikkje skje før det føreligg positiv uttale frå regional kulturminnemynde. | Tatt til orientering |
| 53 | Vestland fylke | 4632 | 156-1 | | Endre deler av areal 2040 Hamn til kombinert formål 6800 Endring Ved utbygging krav om reguleringsplan.<br>På land, rett vest for området har me stilt krav om arkeologisk registrering i forbindelse med RP for Øksnesmarka. | Tatt til orientering |
| 53 | Vestland fylke | 4632 | 148-1 | | Senoksen varde er statleg listeført, og tiltaket kan føre til noko negativ visuell påverknad på dette kulturminnet. | Tatt till orientering |
| 53 | Vestland fylke | 4633 | 154 | | Hjeltevarden nytt areal for akvakultur. Det er kulturminne i området ein steinalderlokalitet på land nordvest for Hjeltevardneset. Stadnamnet Hjeltevardneset tyder igjen at staden har ei knyting til marin/seglingsleia. Området er elles eit urørt areal av kystsona. Landbasert infrastruktur bør ikkje etablerast i dette området. | Sjå motsegn frå Kystverket og SF. Er ikkje med i forslaget noko landbasert tiltak. |
| 53 | Vestland fylke | 4628 | 127-2e | | Dette kan gjelde eit stort areal, og såleis må ein i den vidare prosessen vurdere nærmare om tiltaket kjem i konflikt med omsynet til laskegiljene. | Er ikkje med i planforslaget. |
| 53 | Vestland fylke | 4635 | | | I Eivindvik ligg den gamle Gulatingsstaden. Areal på land og i den vesle bukta nedanfor ligg inne som H730. Området er kjernen i KULA-området. Vika var svært viktig som næraste landingsstad for båtane då tinga vart haldne. Ein omfattande bruk av den vesle vika som permanent småbåthamn er svært uheldig. Dette ikkje minst i lys av at store areal innanfor tingstadområdet har blitt nedbygt. Me må sterkt tilrå at småbåthamna blir flytta til austsida av Eivindvik. | Tas til orientering. Held på med reguleringsplan for området - innspelet takast med der. Det kan sjå ut som fylket ikkje gav uttale til oppstart av planarbeidet i Gulen kommune. |
| 54 | Fedje kommune | 4633 | 154 | | Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje ved Hjeltefjorden blir<br>realisert gjennom planprosessen, og at me kan bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing<br>for arealet som begge parter kan være nøgd med. | Fedje kommune tar framlegg til orientering, men lokalitet Hjeltevarden skal ligge inne. Ønsker mekling og eventuelt departement avgjersle |
| 55 | Austrheim kommune | 4632 | | | Austrheim kommune tek planforslag til Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, planid 2021003 til orientering og har elles følgjande uttale:<br>Det er positivt at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling.<br>Kommunen minner om at Nordhordland som produksjons-område for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt, og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i<br>Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre. | Tas til orientering |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 56 | Fiskeridirektoratet | | | 2.1.1 | I dei tilfella der det i kommuneplanens arealdel vert sett krav om reguleringsplan for akvakulturanlegg i sjø, føreset Fiskeridirektoratet at det i planskildinga er grunngjeve kvifor eit plankrav er nødvendig i det konkrete tilfellet. Vi viser i denne samanhengen til pbl § 3-1 tredje ledd, der det framgår at planlegginga ikkje skal vere meir omfattande enn nødvendig. | Føresegna vert endra. Krav om detaljplan til akvakuluranlegg går ut |
| 56 | Fiskeridirektoratet | | | | I oversikten Rettskjelder – Lov forskrift mm (s. 12-13 i Kjelder til Kunnskapsgrunnlag) etterlyser vi Lov om akvakultur, Forskrift om drift av akvakulturanlegg og Forskrift om krav til teknisk standard for flytende akvakulturanlegg. | Tatt inn |
| 56 | Fiskeridirektoratet | | | | Dette er viktig å ta med når akvakulturnæringa sitt arealbehov skal utgreiast og det det skal avsetjast tilstrekkeleg areal som gjev næringa utviklingsmoglegheiter. Det framgår at det er lagt opp til ei svært forsiktig utvikling av sjøareala i Nordhordland | Tas til orientering |
| 56 | Fiskeridirektoratet | | | | Når det gjeld dei 15 framlegga til omstrukturering/utviding av eksisterande AK-område som er tekne med i planen, er den samla vurderinga vår at dei kjem næringa sitt behov for areal i møte på ein god måte. Nokre av framlegga kjem i berøring med fiskeriinteresser og kan medføre auka konfliktpotensial med utøving av fiske. Den samla vurderinga vår er likevel at konfliktpotensialet med fiske ikkje er så stort at vi vil rå i frå nokon av framlegga. | Tas til orientering |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | 4631 og 4634 | Austfjorden | | Havforskingsinstituttet har registrert gytefelt for torsk i denne delen av Austfjorden. Vi gjer merksam på at jf. akvakulturregelverket er det ikkje tillate til å etablere akvakultur av torsk i gyteområder for torsk (forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret § 7 og forskrift om fangstbasert akvakultur § 5). | Tas til orientering |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | 4632 | | | Austrheim – Senoksen – nytt akvakulturområde<br>Det er ikkje registrert særskilte fiskeriinteresser i dette sjøområdet. Vi ser ikkje at det føreslegne området representerer ein vesentleg auke av konfliktpotensialet med utøving av fiske. | Tas til orientering |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | 4633 | | | Fedje – Hjeltevarden – nytt akvakulturområde<br>Det er registrert fiskeplassar sør for det føreslegne området som tradisjonelt har vorte brukt til garn- og linefiske etter botnfisk som uer og breiflabb. Vi ser ikkje at det føreslegne AK-området representerer ein vesentleg auke av konfliktpotensialet med utøving av fiske. | Tas til orientering |

| Nr | Avsendar | Kommun e | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 56 | Fiskeri-direktoratet | 4635 | 128-ny2 | x | Gulen – Stavsneset – nytt akvakulturområde (lukka anlegg)Havforskningsinstituttet har registrert gytefelt for torsk i Nyhamarsundet. Vi gjer merksam på at det ikkje er tillate å etablere akvakultur av torsk i gyteområde for torsk | Tas til orientering - område settast for laks |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | 4635 | 128-ny3 | x | Gulen – Grima – nytt akvakulturområde (lukka anlegg) Havforskingsinstituttet har registrert gytefelt torsk i Keipsnesosen. | Tas til orientering - område settast for laks |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1 | Føresegnene er etter vår vurdering meir omfattande enn nødvendig. Det skuldast mellom anna at mange krav vert gjentekne fleire gonger i løpet av dokumentet. Eit døme på dette er føresegn 3.1 der det vi les som eitt og same unntak knytt til akvakultur er omtala under både bokstav b) og f). | Er endra |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 1.2 | I føresegn 1.2, om rettsverknad, står det at planområdet er sett til å gjelde sjø. Fleire andre føresegner omhandlar likevel tiltak på land. Det gjeld mellom anna føresegn 3.1.9 c) ii som omhandlar landbaserte anlegg for akvakultur. Fiskeridirektoratet legg til grunn at planen har rettsverknad berre for sjøareala, og rår til at føresegnene vert retta opp i samsvar med den avgrensinga. | Føresegna må sjåast i samanheng med sikringssone for inntak av vann til landbasert anlegg . Mogeleg at det kan slettast |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | Heimel | Fleire av merknadane våre gjeld uklart eller manglande heimelsgrunnlag for føresegner. | Tatt til orientering |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 2.1.1 | Vi stiller spørsmål ved kva akvakulturanlegg denne føresegna er meint å omhandle. Flytande akvakulturanlegg i sjø er unntatt frå reglane i plan- og bygningslova kap. 20 m.fl., jamfør byggesaksforskrifta § 4-3 første ledd bokstav f, og vil slik ikkje vere omfatta av føresegna. | Den er endra. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.9 | Plankrav er også omtala i føresegn 3.1.9 a (andre gongs bruk av) II. Føresegna set krav om vurdering av plankrav for akvakultur. Vi stiller spørsmål ved heimelen for ei slik føresegn. | Omarbeida i føresegna. Må legges til grunn at dersom omfang, verknad og funksjon vert for stor må kommunane ha moglegheit til å nytte dette verktøyet. Heimel er i Plan og bygningsloven §§ 1-1 og 3-1 |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 56 | Fiskeri-direktoratet | 4634 | | 3.1.9 c | I føresegn 3.1.9 c) i er det eit særleg plankrav ved endring av biomasse som gjeld for områda AKV-03 Duesund, AKV-04 Leikvika og AKV-07 Laberget i Masfjorden kommune. Plankravet er ikkje grunngjeve. Biomasse vert regulert etter regelverk heimla i akvakulturlova. Vi kan ikkje sjå at det er eit tema som er eigna for regulering i reguleringsplan etter plan- og bygningslova. Fiskeridirektoratet rår til at plankravet vert teke ut av føresegnene. | Den er endra. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.12 c | Føresegn 3.1.12 c) inneheld plankrav for området FE(HOS)/AKV. Plankravet er omtala i tabell 10 i planskildringa og i konsekvensutgreiinga (vedlegg) side 73-74. Det er ikkje grunngjeve kvifor eit eventuelt akvakulturanlegg i sjø åleine skal vere underlagt plankrav. Fiskeridirektoratet rår til at eit eventuelt akvakulturanlegg i sjø i området ikkje vert omfatta av plankravet. | Utgangspunktet baserer seg på at søknad om tiltak som er vesentleg annereledes enn i dag. Det gjeld både for funksjon, omfang og konsekvens av tiltak. Videre ligg dette arealet tett til land og må sjåast i samanheng med land, noko som også er intensjonen i framlegget. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.12 c | Føresegna nyttar nemninga «anlegg for matproduksjon i sjø». Det er ikkje eit arealføremål etter plan- og bygningslova. Fiskeridirektoratet rår til at nemninga vert endra til «akvakultur». | Er tatt inn. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 2.3.2 | Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at det er heimel i plan- og bygningslova til å vedta slike føresegner. Kva utgreiingstema som kan vere aktuelle ved søknad om akvakulturløyve kan omtalast i retningslinene eller planomtalen til arealplanen. Dersom det | Meiner at pbl og NMFL gir grunnlag - sjå rettleiar om støy i arealplanlegging T-1442/2021. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.9 a iv | Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at det er heimel i plan- og bygningslova til å vedta slike føresegner. Kva utgreiingstema som kan vere aktuelle ved søknad om akvakulturløyve kan omtalast i retningslinene eller planomtalen til arealplanen. | Byggteknisk forskrift (TEK17) sine tryggleikskrav mot naturfare gjeld og for flytande anlegg som akvakulturanlegg, sjølv om dei er teke unna sakshandsaming etter pbl. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 2.5 a | Vi stiller spørsmål ved om det kan knytast rekkefølgekrav til energieffektivisering og miljøvennleg energiforsyning.<br>Om det er heimel i lova til føresegner om energieffektivisering og miljøvennleg energiforsyning, eller om dette vert styrt av anna regelverk, bør avklarast før planen vert vedteken. | Meiner at pbl §11-9, 4 og 6 gir heimel. Pkt 4 er mellom anna retta mot teknisk infrastruktur. Pkt 6 er retta mot miljøkvalitet. Det å kunne fjerne eit diesel anlegg vil framstå som ein miljøkvalitet. Punktet er også omformulert - ikkje absolutt krav må vurderast om det er mogleg å få til. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1 | Fleire stader i føresegnene (t.d. 3.1 bokstav d, 3.1.12 ii og 3.1.12 iii) vert det først slått fast at tiltak ikkje er tillatne, for deretter å opne for dei same tiltaka «etter godkjenning». Det er uklart både kva som er intensjonen bak føresegnene, og kva som er heimelen for dei. Vi stiller særleg spørsmål ved kva «godkjenning» det er meint å vise til. | Omarbeida og rydda i punktet i føresegn. Etter godkjenning betyr at det må søkast og rett mynde må handsame saka. |

| Nr | Avsendar | Kommun e | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar<br>avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1 | Fleire føresegner stiller krav om å leggje søknader fram for «rett mynde». Det gjeld mellom anna føresegnene 3.1 bokstav e og 3.1.9. Det er uklart kven som er «rett mynde», då det ikkje er definert. Vi stiller også spørsmål ved heimelen for desse føresegnene. | Rett mynde er brukt fordi ved å bruke navn - vert det fort at lista ikkje er uttømmande. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.8 | Føresegn 3.1.8 bokstavane a), b) og c) viser til arealføremål/forkortingar som ikkje er del av plankartet, høvesvis «Fiskeområde (FIO)», «Låssettingsplassar (LÅS)» og «Gytefelt eller oppvekstområde for yngel (GYO)». I første avsnitt av føresegn 3.1.8 vert det også vist til «reketrål (T)», som seinare er omtala under bokstav a) som har tittelen «Fiskeområde (FIO)».<br>Det er ikkje ei tydeleg kopling mellom desse føresegnene og områda som i plankartet har underføremålet fiske. Det bør vere ei slik tydeleg kopling, jamfør rettleiaren «Kommuneplanens arealdel» side 55. Koplinga kan kome på plass til dømes ved at kvart | Teknisk vert løyst i kart |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | Havressurslova | Fleire føresegner viser til fiskerireguleringar som vert vedtekne med heimel i havressurslova. Slik regulering kan ikkje heimast i plan- og bygningslova. Vi ber om at informasjonen om denne typen problemstillingar vert flytta til planskildringa. | Usikre på kva som må endrast. Eventuell avklaring under høyring. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.9 b | Det er uklart om føresegn 3.1.9 b) er meint som ei føresegn om «hvilke artsgrupper eller arter av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etableres», jamfør pbl § 11-11 nr. 7 eller om tabellane er meint som ei oversikt over kva akvakulturlokalitetar det per i dag er gjeve løyve til i planområdet. Vi forstår det som at sistnemnde er intensjonen, jamfør at det i tabellen også er teke med lokalitetar som er i drift, men som er utan føremål akvakultur i plankartet. Vi rår til at denne informasjonen vert flytta til planskildringa. | Den er endra. Tabellane viser kva art som er tillate på dei ulike lokalitetane og er knytt til ulike vannførekomster. |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.9 c | Føresegn 3.1.9 c) iii kulepunkt ein og to omhandlar rekkefølgekrav om avvikling av eksisterande lokalitet(ar) før ny lokalitet kan takast i bruk. Føresegnene framstår som noko uferdige når vi les dei i samanheng med kap. 7.3.4 i planskildringa. Lokalitetane som skal avviklast bør nummererast og namngjevast i samsvar med nummer og namn i akvakulturregisteret. Vi rår til at ordlyden i siste del av dei aktuelle føresegnene vert endra frå «vere avslutta (og lokalitet sletta som lokalitet)» til «vere avslutta og lokaliteten vere sletta som lokalitet i akvakulturregisteret», for å gjere føresegnene meir konkrete og eintydige. | Det er juster i plankart og føresegn |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 3.1.12 | Føresegn 3.1.12 er ikkje eintydig, då den både generelt opnar for og generelt utelukkar akvakultur. | Øksneset - blir avklart - sletta 3.1.12 iv - da bør det vere klart |
| 56 | Fiskeri-direktoratet | | | 4.1.4 | Føresegn 4.1.4 omfattar mange føresegner heimla i pbl § 11-8 c). Det kan ikkje gjevast føresegner til denne omsynssona, med mindre den ligg i randsona til nasjonalpark eller<br>Vår referanse: 20/15116<br>Side: 8/9<br>landskapsvernområde, og føresegnene vert fastsette samstundes som vedtak eller revidering av verneforskrift/forvaltningsplan (pbl § 11-8 bokstav c), jamfør også Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) side 219. Fiskeridirektoratet deler kommunane sin intensjon om å ta omsyn til marine naturverdiar. Føresegn 4.1.4 b) ii viser til omsynssone H560_y som markerer korallrev på havbotnen. Vi legg til grunn at det er meininga å vise til området som i plankartet for Vaksdal har nemninga H560_2. For rettsleg å kunne sikre omsynet til korallførekomsten i arealplanen, rår vi kommunen til å vurdere å vise dette området som underføremål naturområde, i staden for som omsynssone naturmiljø. Området vil då verte rettsleg sikra av føresegn 3.1.10. | Denne sona vert nytta av mange kommunar. Dersom det skal endrast så må det gjerast ein grundigare jobb. Det er fleire område som må vurderast. Dette er noko som bør diskuterast under høyringa. Meiner at pbl gir grunnlag for slik det også står no. |
| 57 | Alver kommune | | | | Kommunestyret tilrår at innspel som gjeld sjøareal, motteke som innspel under høyring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel på land, vert sendt samla som innspel frå Alver kommune inn til arbeidet med Interkommunal plan for sjø. Alver kommune er diverre i raudt trafikklys i PO4 og med det følgjer at produksjons-kapasiteten for laks skal reduserast. Det er viktig at planen legg til rette for nye, framtidige løysingar som ikkje forverrar vasskvaliteten og kan bidra til å kome ut av raud sone og utvikling etter dette. Det er viktig å unngå konfliktar med viktige fiskefelt for yrkesfiske og fritidsfiske i forhold til akvakulturlokalitetar. Den interkommunale planen må vurdera den samla belastninga i våre ulike fjordsystem. Det er viktig at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Alver kommune meiner det er positivt at planen har med krav til at miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre ikkje skal forverrast. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg. Det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre. | OK til orientering |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 58 | Vaksdal kommune | | | | «Vaksdal kommune er glade for å delta i eit slikt interkommunalt samarbeid og ser fordelar gjennom styrka samarbeid mellom kommunane i Nordhordland og heilskapleg forvaltning av sjøareala i regionen.<br>Vaksdal er ein del av nasjonale laksefjordar og har interesse av den regionale forvaltinga. Det er positivt at planen gjer ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Kommunen minner om at Nordhordland som produksjons-område for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema.<br>Kommunen har kulturminne ved sjøen av nasjonal verdi, til dømes laksegiljer. Dei særskilde føresegna som er lagt fram i høyringa vil i større grad sikre delar av laksegiljene samanlikna med dagens situasjon. I det vidare arbeidet må det vurderast at føresegna ikkje er for strenge på ein slik måte at dei bandlegg areal og hindrar framtidig bruk» | Tas til orientering |
| 59 | Statens Vegvesen | | | 2.1.1 | Presiser betre at trafikktilhøve og tilkomst frå offentleg veg må inngå som vurderingspunkt ved utarbeiding av reguleringsplan | Det er mange vurderingar som skal gjerast som har plankrav. Dett er ein av dei. Kan ikkje ha uttømande liste i føresgn |
| 59 | Statens Vegvesen | 4628 | | 4.1.7 | Statleg reguleringsplan E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle NO201703 må omtalast | Vert teke med i planskildringa |
| 59 | Statens Vegvesen | 4628 | | 2.4.1 b | Prosjektet Arna - Stanghelle skal etablere midlertidige kaianlegg - planen må ikkje sette avgrensingar eller krav om godkjenninng frå kommunane | Ser ikke behov for nokon endring i føresegn. |
| 60 | Masfjorden kommune | 4634 | | | Masfjorden kommune har ikkje vesentlege merknader til den interkommunale planen for sjøareal for region Nordhordland utover følgjande kommentarar:<br>Dersom utvidinga av akvakulturlokaliteten nord for Einestrand vert godkjent (ikkje råka av motsegn), rår ein til at eksisterande lokalitetar (areal vist med rosa og blåfarge går ut i endeleg plan. | Tas til følgje |
| 60 | Masfjorden kommune | 4634 | | | Vidare vil ein visa til at formannskapet i sak 118/2022 den 05.12.2022 samla seg om å støtta opp under merknad frå grunneigar, sjå vedlegg, knytt til gnr 28 bnr 2 og gnr.28 bnr 9. | Vil bli følgt opp av kommnen i KPA land |
| 61 | Fiskarlaget Vest | | | | Registreringa av fiskeriinteresser i plankartet er varierande på tvers av kommunegrensene, og ikkje alle fiskeområde er oppdaterte. Ein visar til dømes til trålfelta i Mangersfjorden. Dette er òg eit avområda som er viktig til notvask. | Teke til orientering - må liggja i dei databasene som vert nytta som grunnlag |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 61 | Fiskarlaget Vest | 4633 | 149-1 | | Fiskarlaget Vest kan ikkje godta utbyggingar som går på bekostning av fiskeområde. Ein visar til dømes til akvakulturområde ved dagens anlegg Øksneset i Børildosen, som er foreslått flytta inn i reketrålfelt. Ein kan ikkje godta ytterlegare arealbeslag som umogleggjer bruken av trålfeltet. Visar her til føresegn 3.1.8. Fiske, låssetting og gyteområde (FI) kor det står at det ikkje skal tillatast tiltak som hindrar fiske/tråling. | Etter ein samla vurdering er det ikkje gjort endringar. |
| 62 | Mattilsynet | | | | Kjelder som ikkje er oppgitt<br>Aktuelle kjelder:<br>o Etableringssøknader; veiledar og regelverk<br>o Etableringsforskriften, Matlova, AHL-pakken (nytt dyrehelseregelverk, aktuelt frå april 2022), Dyrevelferdslova, Vannforskriften inkl. planprogram, produksjonsområdeforskriften, PD-forskriften m.m.<br>o Rapporter frå Havforskningsinstituttet, Fiskehelserapporten, strømmodelleringar, rapporteringar synleggjort gjennom Barentswatch.no (lus/sjukdom/båttrafikk) m.m. | Tas inn |
| 62 | Mattilsynet | | Samlokalisering | | Generelt er det vanskeleg å kommentere planer som gjelder omstrukturering/flytting av anlegg utan konkrete søknader. Mattilsynet må vurdere levekår på ny lokasjon før vi kan vurdere sannsynet for at velferd og helse hos fisken vil bli betre eller dårlegare. Å samle fleire små lokalitetar på færre og større anlegg kan vere gunstig, men det gir også høgare risiko fordi det da blir mange individ på same sted. | Tas til orientering |
| 62 | Mattilsynet | 4630 | 127-2b | | Dette vil medføre reetablering av tidlegare anlegg, og dermed auka belastning i fjorden mtp. både lus og sjukdom. | Arbeidsgruppa rår til at forslaget vert tatt ut. |
| 62 | Mattilsynet | 4631 | 127-Ny2b | | Mattilsynet meiner difor at dette området ikkje eignar seg til akvakultur på grunn av allereie eksisterande anleggsstruktur i området.<br>Reduksjon av akvakulturområdet slik kommunen kommenterer, vil ikkje bøte på risikoen slik vi ser det. Ein nyetablering her vil ikkje kunne tillatast av Mattilsynet med mindre det er planlagt fullstendig smittemessig sikring av inntak og avløp til nye anlegg i dette området. | Området utanfor Bjørsvik - er ikkje med i 1GH som AKV areal. Merker kommentaren frå Mattilsynet. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 62 | Mattilsynet | 4631 | 133-1 | | Dersom den samla biomassen i fjorden ikkje aukar, og driftsdata og miljømålingar for Rekeviki viser at ein lokalitet i dette området vil kunne driftast med meir biomasse, vil endringa etter vår vurdering ikkje medføre vesentleg større risiko for villfisk eller oppdrettsfisk enn slik situasjonen er i dag. Dette må imidlertid avgjerast i ein etableringssøknad, der drifts- og miljødata frå omsøkte område vert lagt fram. Ut frå beskrivinga ser det ikkje ut til å vera aktuelt å auke den totale biomassen i fjorden. Dersom det er tilfellet meiner Mattilsynet at ein samanslåing av lokalitetar vil kunne vera positivt for fiskehelsa og -velferda. Dette forutset sjølvsagt at plasseringa av den nye store lokaliteten er god og driftsdata sannsynleggjer at dette kan driftast forsvarleg. | Blir ein omstrukturering. Så langt i prosessen er det område Vikane som vil bli ståande - mellom anna Rekkeviki går ut |
| 62 | Mattilsynet | 4632 | 148-1 | | Dersom akvakulturområde Allersholmen vert fjerna, forstår vi det slik at lokalitet Allersholmen til Blom fiskeoppdrett må avviklast. Dette kan medføre at belastning i området totalt sett ikkje aukar, og i så tilfelle meiner vi at totalbelastninga mtp. lakselus og sjukdom ikkje treng å endre seg til det verre samanlikna med dagens situasjon.<br>I oppteikna plankart ser det likevel ut som det framleis ligg inne eit akvakulturområde der Allersholmen ligg. | Framstillinga av planen vert slik at dersom ein går for lokaliteten Senoksen vert Allersholmen fjerna som lokalitet. Ingen produksjon på Senoksen før Allersholmen er avvikla |
| 62 | Mattilsynet | 4632 | 148-1 | | I oppteikna plankart ser det likevel ut som det framleis ligg inne eit akvakulturområde der Allersholmen ligg. | Takast til følgje |
| 62 | Mattilsynet | 4634 | 138-2 | | Dette er et innspel til akvakulturområde som kjem i raud kategori for naturmangfald og raud totalt. Det er likevel teke med i planen. Vi viser til vurdering av Austfjorden under framlegget om Rekeviki. Total biomasse i fjorden må ikkje aukast pga. lusesituasjonen. | Samordning - av anlegg. Føreset at andre lokalitetar går ut. Samla belastning vert ikkje endra |
| 62 | Mattilsynet | 4634 | 138-3 | | Det ligg allereie eit setjefiskanlegg like ved det oppteikna nye området, om lag 1 km unna. Det ligg også lokalitetar i sjø tett opptil planlagt akvakulturområde (om lag 1,5 km). Reelle avstandar mtp utveksling av smitte vil verte kortare alt etter kor inntak og utløp for vatn vert lagt.<br>I Mattilsynet sin rettleiar til etableringsforskrifta er det anbefalt avstand på minst 5 km frå andre oppdrettsanlegg til sjøvassinntak til setjefiskanlegg. Dette må oppfyllast for at løyve til nytt anlegg skal kunne gis her, dersom dei skal ta inn sjøvatn. | Arbeidsgrupppa ser vanskar med å få gjennomslag for dette tiltaket i det vidare planarbeidet. Den aktuelle bedrifta har ikkje innvolvert seg. Tilltaket er ikkje med i 2GH. |
| 62 | Mattilsynet | 4634 | 138-6 | | Det er planlagt anlegg for akvakultur på land, med sjøareal utanfor, også til akvakultur. Dette kan vera problematisk med tanke på smittespreiing.<br>Sjøanlegg vil auke smittepresset mtp. Lakselus (og andre potensielle sjukdomar), og det bør ikkje etablerast nye anlegg/auka biomasse i open sjø her. | Skal vere på land - ikkje i open sjø. Sjå også SF sitt motsegn og fylkeskommunen. Må ved konsesjon stille krava om oppsamling av org materiale. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 62 | Mattilsynet | 4634 | 151-1 | | Anlegget i dag inngår i eit område som har oppsett felles brakklegging, og dette vil vera viktig å følgje vidare. Dette med mindre anlegget skal bli fullstendig lukka, og som del av det får på plass godkjend system for desinfeksjon av inntak- og avløpsvatn. Ein eventuell søknad om utviding må vurderast i samanheng med ein etableringssøknad. I ein slik prosess vil også historiske driftsdata bli vurdert for å kunne vurdere om anlegget vil kunne driftast med høgare intensitet. | Tas til orientering - sjå SF sitt motsegn |
| 62 | Mattilsynet | 4635 | 128-1 | | Mattilsynet har, med bakgrunn i lakselus og påverking på vill laksefisk, avslått fleire utvidingar av andre akvakulturlokalitetar i dette området. Vi vil ikkje tillate nye anlegg som medfører auka biomasse/smittepress i området på noverande tidspunkt, og vurderer difor at dette akvakulturområdet ikkje er noko vi kan anbefale at skal opprettast slik det no er lagt fram. | Vert tatt ut. Ny større lokalitet i Sognefjorden. Fleire konfliktområde. Motsegn frå Kystverket og Statsforvaltar. |
| 62 | Mattilsynet | 4635 | 128-Ny2 | | Det står i utgangspunktet lukka anlegg, men i KU er det kommentert både lukka og semilukka. Det er under 2 km til næraste anlegg (10078 Mjånes) og dersom anlegget skal vera semilukka må anlegget brakkleggast koordinert med omkringliggande anlegg sidan avstanden er så kort. Mtp. lus er det mindre påverknad frå semilukka anlegg, og eit slikt anlegg vil dermed medføre mindre risiko for å spreie lakselus og auke smittepresset i området. | Tas til orientering |
| 62 | Mattilsynet | 4635 | 128-Ny3 | | Det er planlagt lukka anlegg. Det er omlag 1,4 km til lokalitet 11749 Bårøy. Dersom anlegget ikkje har godkjend desinfeksjon av inntaks. og avløpsvatn, krev dette koordinert brakklegging. | Tas til orientering |
| 62 | Mattilsynet | | | | Mattilsynet er positive til at det planleggast tiltak som kan gi betre fiskehelse og fiskevelferd, og seleksjon av best egna akvakulturområder er ein vesentleg del av slike prosessar. Samtidig er det utfordrande for oss å gi detaljerte innspel på planer, utan at det føreligg konkrete søknader som synleggjer levevilkår og biosikkerhet ved dei ulike planlagde lokasjonane.<br>Nordhordland er eit område der ein innen akvakultur har store utfordringar knyta til smitte med lakselus og ein rekke andre sjukdomar. Dette gjeld både for oppdrettsfisk og ville bestandar, der villfisken særleg må vernast med tanke på påverknad frå lakselus.<br>Lakselusrapportar frå Havforskningsinstituttet dei seinaste årene viser moderat til høgt smittepress i mange av dei aktuelle områdane i planen. Dette er i stor grad bakgrunnen for at Mattilsynet i fleire av dei framlagde innspela rår ifrå etablering som planlagt, då økt biomasse i disse områda vil kunne føre til større smittepress og ein uakseptabel økt negativ påverking på ville bestandar i nærleiken. | Tas til orientering |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar<br>avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 63 | SjømatNorge | | | | Side 40 - Om det skal opnast for meir oppdrett, må ein forutsette at det for ein stor del må skje ved bruk av ny teknologi med lukka merder, sidan samla belastning på vasskvalitet og vasslevande arter, både marine-, anadrome- og ferkvassarter, kan bli for stor.<br><br>Vi minner derfor om at krav om lukkete anlegg hører til under akvakulturloven og forurensingslovens virkeområder. Dette skal ikke i tillegg reguleres etter plan- og bygningsloven, hvor det ikke er rom for å stille teknologikrav for akvakultur. | Det er ivaretatt i føresegn. Men situasjonen bør skildrast i kunnskapsgrunnnlaget. Ingen endring |
| 63 | SjømatNorge | | | | At PO4, som planområdet ligger i, er rødt i Trafikklyssystemet, er en nåsituasjon. En plan for fremtiden bør også være innrettet slik at det tas høyde for at fargeleggingen i Trafikklyssystemet kan endres eller at det blir mulig med økt produksjon gjennom nytt regelverk for miljøtillatelser eller endringer i Produksjonsområde-forskriften.<br>Når det er avsatt areal til akvakultur, er det viktig at det er av en størrelse som gir fleksibilitet for plassering av anlegget med muligheter for tekniske tilpasninger og mindre justeringer uten at det medfører dispensasjonssøknad. | Tas til orientering. Der må vere konkrete tiltak som er målretta dersom PO4 skal kome ut av raud sone. |
| 63 | SjømatNorge | | | 2.1.1 | Krav om reguleringsplan vil medføre at det blir stor usikkerhet om hvilken ressurs- og tidsbruk en kan forvente i forbindelse med endring eller etablering av anlegg. Det vil også i stor grad kunne bli dobbeltarbeid. | Føresegn er justert |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | Norske Lakseelver ser svært positivt på at regionene gjennom Planskildringen ønsker å legge til rette for et stort utviklingsprosjekt gjennom å stille miljøkrav i arealplanen. Norske Lakseelver mener framtidens løsning for oppdrett av fisk er i rømningssikre produksjonsformer som ikke sprer lakselus, og med mulighet for å samle opp avfall. Gulrot og pisk, i dette tilfellet en kombinasjon av tilbud om økt biomasse og miljøavgift, vil være effektive virkemidler for å katalysere en slik prosess.2 | Innspel til strategi eller handlingsplan, vert følgt opp der |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | Det er svært positivt at arealplanen viser til handlingsplanens fokus på tilrettelegging for teknologiutvikling som kan bidra til å løse miljø- og arealutfordringene. En arealplan med miljøkrav til fiskeoppdrett innenfor planområdet vil være i tråd med målene i handlingsplanen for bestander av atlantisk laks. Klare funksjonskrav/miljøkrav i arealplanen vil stimulere til fiskeoppdrett med bruk av ny teknologi. Dette vil bidra til lavere miljøavtrykk fra akvakultur. Vi støtter derfor planskildringens ønske om å legge til rette for teknologiutprøving. | Positive til handlingsplan og miljøkrav. Støtter all tilrettelegging for utprøving av "tett" teknologi |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | Vi forutsetter at utvidelsen ikke brukes til å øke antallet oppdrettslaks i åpne merder innenfor planområdet, noe trafikklyssystemet åpner for i røde og gule områder gjennom unntaksvekstordningen11. | Tas til etterretning |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 64 | Norske Lakseelver | | | | Norske Lakseelver mener at rapporten kunne vært tydeligere på at planområdet har svært store begrensninger for drive fiskeoppdrett i åpne merder. En naturlig hovedkonklusjon i Kunnskapsgrunnlaget burde være at fiskeoppdrett i planområdet har overskredet bæreevnen med god margin.<br>Kunnskapsgrunnlaget kunne også med fordel ha vært tydeligere på at utfordringer med lakselus, rømming og påvirkning på vill laksefisk, har en nær sammenheng med mengde oppdrettsfisk innenfor et område1, og at løsningen på oppdrettsutforringene i planområdet derfor er en kraftig reduksjon i antall oppdrettslaks i åpne merder. | Tatt inn en setning |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL) har gjort en samlet vurdering av status for laks i 20215. Her fremkommer det at kun 403 000 laks kom tilbake fra havet i 2021, noe som er en markant reduksjon fra året før («rekordåret» med 563 000 laks) og det laveste i en lang tidsserie. | Tatt inn |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | På side 52 i rapporten skrives det at «sjølv om talet på rømt laks i elvane har gått ned dei siste 10 åra, er mange laksebestandar allereie genetisk påverka av innkryssing av rømt oppdrettslaks.» Denne formuleringen kan gi et litt uheldig inntrykk av at genetisk innkryssing ikke lenger forekommer, og rapporten burde understreket at genetisk innkryssing er en ustabilisert påvirkningsfaktor med stor risiko for ytterligere skade på villaksbestandene.<br><br>Det er også viktig at kunnskapsgrunnlaget er tydelig på at genetisk innkryssing fører til redusert overlevelse og ikke at det kan føre til redusert overlevelse. | Mener det står ganske klart at det er en reell trussel |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | Status for villaksen er som nevnt godt oppsummert i Kunnskapsgrunnlaget fra side 51-56. Vi savner imidlertid et avsnitt som sier at påvirkningen fra lakselus og rømt oppdrettslaks må reduseres kraftig hvis laksebestandene i regionen skal nå målet om svært god eller god tilstand i Kvalitetsnorm for villaks. | Tatt inn |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | kapittel 5.6 Klimaendringer, kunne det vært nevnt at lakselus vil bli et betydelig større problem i et fremtidig varmere klima, hvis man fortsetter med oppdrett i åpne merder. | Tatt inn |
| 64 | Norske Lakseelver | | | | Når det gjelder fiskehelse og fiskevelferd, topper PO4 statistikken i negativ forstand, med høyest dødelighet av alle etter utsett av oppdrettslaks i sjø. Kunnskapsgrunnlaget nevner dette, men burde synliggjøre bedre de store biologiske utfordringene som har kommet frem gjennom Fiskehelserapportene, samt hvilke begrensninger dette setter for videre oppdrett i åpne merder. Norske Lakseelver mener at en naturlig konklusjon på kapittel 6.3.3. er at planområdet er svært dårlig egnet for tradisjonelt fiskeoppdrett i åpne merder. | Tatt dels til følge. Det er gjort justering i planskildringa pkt. 5.7 og 10 |
| 65 | Inge Borge | 4634 | 129-3 | | I dette bustadområdet har eiendommene egne brygger og naust som er godkjent ihht planstatus for Masfjorden kommune. Dette området er et eldre bustad felt som ble bygd ut for ca 30-40 år siden og da med egne brygger og naust. For at området skal være i samsvar med kommuneplanen for Masfjorden, er forslaget å definere dette området som Småbåthavn, ABA-3.3.1- Andre typar bygg og anlegg-Brygger og Småbåtanlegg. | Arbeidsgruppa viser til motsegna frå SF som gjeld småbåtanlegg i sjø og tek difor ikkje framlegget med i plan. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 66 | Statsforvaltaren | | | | Vurderingar av biomasse høyrer til i handsaming av akvakulturløyve etter akvakulturlova, men omsyna til naturmangfald og vill laksefisk er eit sjølvstendig plantema. Den interkommunale planen skal vurdere om dei områda som vert opna for akvakultur er eigna for dette. Om eit område er eigna eller ikkje vil også vere avhengig av kva tekniske løysingar som vert valde, krav om det vil bli stilt ved handsaming etter akvakulturlova. Planen skal også sette naudsynte rammer for vidare planlegging og tiltak etter sektorlovverk, og vise kva viktige omsyn som må sikrast. Det skal også i gå fram av planskildringa korleis nasjonale mål og retningslinjer er ivaretatt. | Rammer som kan takast med vert innarbeida i plandokumenta |
| 66 | Statsforvaltaren | | | | Statsforvaltaren meiner det er svært viktig at planskildringa viser dei juridiske og faglege rammene som må ligge til grunn for planarbeidet og korleis nasjonale mål og retningslinjer vert ivaretatt. Det er omtalt noko, men er i stor grad knytt opp mot trafikklyssystemet. Slik vi ser det må kunnskapen knytast tettare opp mot naturmangfaldlova (føremål, bevaringsmål i §§ 4 og 5), kvalitetsnorm for villaks etter § 13 og til føringane og måla i lakse- og innlandsfisklova. | Vert innarbeida i planskildringa |
| 66 | Statsforvaltaren | | | | Vi meiner likevel at konsekvensutgreiinga ikkje tar innover seg at fleire vassførekomstar i planområdet ikkje oppfyller krava i vassforskrifta. Det er nokre fjordområde i Vestland som ikkje når vassdirektivet sine mål om minst god økologisk tilstand, målt på oksygen i djupare vasslag. Dette gjeld i særleg grad Masfjorden og fjordane innanfor Byfjorden. | Er tatt inn meir om dettel |
| 66 | Statsforvaltaren | | | | Konsekvensutgreiinga vurderer verknad for tema som landskap, kulturmiljø, friluftsliv og naturmangfald. Vi saknar likevel ei klar kopling mot statlege planretningslinjene for strandsona. Vi saknar dei heilskaplege og langsiktige vurderingane. I mange tilfelle er det ikkje sagt noko om behovet, eller alternative løysingar. | Er gjort tydelegare i KU. Det er fleire forhold som berører både land og sjø og i stor grad har tatt ut innspel som gjeld dette no og overført til KPA land som til dømes i Alver og Gulen. Men det er samtidig eksisterande arealbruk som vert vidareført som må sikrast. |
| 66 | Stats forvaltaren | | Omsynssone | | For å vise viktige omsyn som må leggjast til grunn for komande tiltak, bør det etter Statsforvaltaren sitt syn takast inn ein omsynssone for utvandrande laksesmolt/ viktige økologiske funksjonsområde. | Vil i praksis gjelde store deler av planområdet. Bør omtalast i planskildringa. Dersom omsynnsone så bør det også takast opp med nabokokommunane Bergen og Askøy. Det er tatt inn eit punkt om dette i føresegna §3.1.c som ivaretek dette. |
| 66 | Stats forvaltaren | | | x | I Sørfjorden er det lagt inn ein omsynsone for naturmiljø, særlege miljøomsyn. I føresegnene står det: «Sørfjorden (H5 … For at føresegna skal samsvare med vassforskrifta må det i siste setning stå: Det kan ikkje opnast for tiltak som … Det bør også vurderast om ein skal ha ein tilsvarande omsynsona i andre områder med tilsvarande problem, som til dømes på Vaksdal kommune sin side av Sørfjorden og Masfjorden. | Føresegna er oppdaterte |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 66 | Stats forvaltaren | | | 3.1.7 c<br>3.3.1 e<br>5.1.3 | Dei tar med fleire tilhøve som gjeld areal på land, til dømes utforming av naust. Føresegnene bør ikkje omfatte forhold som ikkje er relevante for denne planen. Det er også føresegn som viser til føresegn i andre planar, dette gjer det krevjande | Føresegn<br>3.1.7 c og 3.3.1 e<br>For begge gjeld at det ikkje kan leggast inn henvisning. All tekst som skal gjelde må inn i denne føresegna. |
| 66 | Stats forvaltaren | | | x | Eigne namn på areala i plankartet vil gjere det enklare å navigere i konsekvensutgreiinga og å kople kart og føresegner. Manglande og uklare koplingar mellom føresegner og plankartet gjer det til dels vanskeleg å sjå rettsverknad av planen. Særleg kombinert formål i sjø, merka VK | Kartteknisk<br>Dette vert endra i kart og føresegn. Vil bli lagt inn rett feltbenevning på rett føremål/delområde og om naudsynt løpenr |
| 66 | Stats forvaltaren | | | 3.1.9 b | Liste over akvakulturområda inneheld feil, ho manglar nokon areal, og det er også uklart kva rettsverknad lista har. Det er til dømes oppgitt biomasse i denne lista, og dette kan ikkje styrast igjennom plan. Kva art ein kan ha i eit område kan ein angi i føresegnene. | Tabellen må vere der. Men kolonna med biomasse vert tatt ut. Er kjent med at areal for skjellanlegg ikkje er lista opp. Desse areala vert enten tatt ut eller nemnt i 2GH |
| 66 | Stats forvaltaren | | | x | Det er avtale om at det skal arbeidast vidare med føresegnene til planen. Slik føresegna og plankartet er utforma no, kan ikkje Statsforvaltaren sjå verknadene av planen. Vi må difor har ei generell motsegn til føresegnene og plankartet. | Endring vert gjort i kart og føresegn. |
| 66 | Stats forvaltaren | | | 1.4 | Vi har motsegn til at eldre reguleringsplanar er vidareført utan at dei er gjennomgått. Dei fleste reguleringsplanane ligg i strandsona, og manglande gjennomgang av desse kan sette statlege interesser i strandsona til side. | Bare reguleringsplanar som ligg i sjø vert med i denne planen. Så langt er dette to planer i Alver. Arbeidsgruppa er samd om at øvrige reguleringsplaner vert handtert i samband med rullering av KPA land. I denne plan vert det ikkje tatt stilling til detaljplan. Gjort endring 1.4 - |
| 66 | Stats forvaltaren | | | x | Det ligg ein god del eksisterande areal for akvakultur i planområdet, som i dag ikkje har løyve. Det er ikkje fastsett føresegner som avgrensar art for desse områda. Dei fleste av desse er ikkje vurdert i planarbeidet, men berre vidareført. Med bakgrunn i tilstanden for vill laksefisk i området og tilstanden i fleire vassførekomstar i området, meiner vi at areal for oppdrett av laks og aure ikkje kan vidareførast utan ei ny vurdering. Dei må enten takast ut av planen, eller vurderast på nytt. Vi rår til at dei vert tekne ut. Om det er eit ønske å behalde nokre av områda for akvakultur som ikkje påverkar vill laksefisk eller miljømål i vassforskrifta, må det avgrensast tydeleg i føresegnene kva art akvakulturområdet kan opne for. | Det er lista opp en rekke AKV areal som er foreslått tatt ut av gjeldande plan. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4630 | 127-2-b | | Vikna, Osterøy, KU nr. 4630-127-2b: Forslaget gjeld endring av eit eksisterande akvakulturområde. Det er ikkje drift på arealet i dag. | Arbeidsgruppa rår til at forslaget vert tatt ut av planen |
| 66 | Stats forvaltaren | 4630 | 127-2c | | Det er uklart kva som er tanken i området, når ein både legg til rette for utviding av begge områda og flytting. Vi meiner det er viktig at ein ikkje opnar for eit stort akvakulturområde på Skaftå, utan å avvikle arealet på Blom. | Forslaget er at Skaftå 2 blir tatt ut (vestlege delen). Da blir det større avstand mellom anlegga på Skaftå og Blom anlegg. Da vert biomassen opprettholde på to anlegg. |

| Nr | Avsendar | Kommun e | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 66 | Stats forvaltaren | 4630 | 127-2d | | Det er uklart kva som er tanken i området, når ein både legg til rette for<br>utviding av begge områda og flytting. Vi meiner det er viktig at ein ikkje opnar for eit stort akvakulturområde<br>på Skaftå, utan å avvikle arealet på Blom. | Skaftå - tek ut Skaftå2. Reduser arealet som ligg i retning Blom. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4631 | 133-1 | | Rekkeviki, Alver KU nr. 4631-133-1 og Vikane i Masfjorden:<br>Forslaget er å slå saman fleire lokalitetar<br>og slette andre.<br>Vi vurderer at Vikane vil vere det beste alternativet. | Tilår at Vikane vert ny lokalitet og dei andre tas ut |
| 66 | Stats forvaltaren | 4634 | 151-1 | | Forslaget gjeld utviding areal for akvakultur for å etablere eit lukka anlegg. Arealet ligg innafor terskel i Masfjorden | Masfjorden kommune meiner det er grunnlag for å ha dette innspelet med. Det vil kome ytterlegare dokumentasjon for den grunngjevinga. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4632 | 148-1 | | Senoksen, Austrheim, KU nr. 4632-148-1: Forslaget gjeld nytt areal til akvakultur. Det er satt krav i<br>føresegn at før akvakulturområdet kan takast i bruk må drift på lokalitet Allersholmen vere avslutta,<br>og lokaliteten sletta som lokalitet.<br>Arealet for Allersholmen bør ha formål bruk og vern av sjø og vassdrag i planen. | Tas til følgje |
| 66 | Stats forvaltaren | 4632 | 156-1 | | Øksnesmarka, Austrheim<br>Forslag om å endre areal frå hamn til kombinert formål med akvakultur. Konsekvensutgreiinga tilrår ikkje endring mellom anna pga auka belastning på bestandane i anadrome vassdrag og villfisk og mangelfullt kunnskapsgrunnlag. Noko konflikt for landskap, friluftsliv og folkehelse, naturressursar og utslepp. Statsforvaltaren er samd i vurderinga.<br><br>. Motsegna er forankra i naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 13. | Arealet er i dag avsatt til hamn. Arealet på land er avssatt til næringsføremål. I den prosessen vart det peika på at det kan vere aktuelt å nytte noko av arealet til oppdrett. I kombinasjon med dette kan det vere aktuelt med eit lukka anlegg i sjø utanfor arealet på land. Det vil ikkje vere aktuelt med eit tradisjonelt opent anlegg i sjø her. Ved søknad vil det bli stilt krav om reguleringsplan. Forslaget vil difor bli oppretthalde. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4633 | 154 | | Hjeltevarden, Fedje<br>Forslag gjeld nytt areal for akvakultur. Området er i eit eksisterande areal for akvakultur i kommuneplanen for Fedje kommune. Arealet er ikkje eigna for<br>akvakultur. Konsekvensutgreiinga rår ifrå innspelet på bakgrunn av at det ligg i farlei og har stort konfliktpotensial for naturmangfald pga. auka belastning på sjøbotn og anadrome vassdrag og vill<br>Side: 10/13<br>laksefisk. Statsforvaltaren er samd i vurderinga. Arealet for akvakultur må takast ut av planen.<br>Motsegna er forankra i naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 13. | Forslaget til AKV areal er flytta lengre mot sør for å komme Kystverket i møte. Gjort ein justering av opprinneleg forslag. Eit evt anlegg for akvakultur vil her vere i eit stort sjøområde der lokal ureining ikkje vil vere eit problem. Problemet med lakselus burde også vere mindre her og heller ikkje påverke villaksen i negativ forstand. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4635 | 128-1 | | Ospeneset Gulen<br>Forslaget gjeld eit nytt areal for akvakultur med lukka anlegg.<br>Konsekvensutgreiinga rår ifrå forslaget mellom anna pga. stort konfliktpotensial for tema naturmangfald.<br>Konflikten gjeld auka belastning på sjøbotn, anadrome vassdrag og vill laksefisk, den ligg<br>nær den svært viktig tareskogførekomsten Vardneset-Kyrøy, og ein viktig skjelsandførekomst,<br>Sognesjøen, ligg like aust for innspelet.<br>Det er knytt motsegn til dette arealet, som er forankra i naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 13. | Vert tatt ut |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 66 | Stats forvaltaren | 4635 | 155-1 | 3.1.9 | Straumøyna, Gulen<br>Forslaget gjeld utviding av eksisterande akvakulturområde for algar og akvakulturdyr (ikkje fisk). Det er ikkje angitt art i føresegnene til planen, dette må gjerast.<br><br>Det er knytt motsegn til at det manglar føresegn for art jf. pbl. § 11-11 pkt. 7. Motsegna er forankra i naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 13. | Vert tatt inn i føresegna |
| 66 | Stats forvaltaren | | | x | Fortøyingar for akvakultur: Vi rår til at heile områda for fortøyingar visast i plankartet som eit kombinert formål.<br>Om ein til tross for råd frå Statsforvaltaren, vel å gå vidare med planforslaget utan å vise fortøyingar, meiner vi at krav om minimum 25 meters djupne også må stå i føresegn 3.1 som gjeld for formål bruk og vern av sjø og vassdrag. | Ser det som vanskeleg å få gjort denne endringa i denne omgang. Kravet bør også sjåast i samanheng med andre tiltak i sjø der dette kan vere ei problemstilling som til dømes småbåtanlegg.<br>Dette er noko som ein ønskjer å sjå meir på seinare. |
| 66 | Stats forvaltaren | | | | Vi rår primært til at areal for småbåtanlegg og småbåthamner vert flytta til kommuneplanprosessane i den enkelte kommune.<br>Alver kommune har starta på sin arealdel for land, og vi rår også her til at areal tilknytt land vert flytta til den prosessen. | I Alver og Gulen vert dette tema tatt over i arbeidet med KPA land. I Masfjorden er der nokon innspel som vil bli handtert her. Det gjeld også i Modalen. |
| 66 | Stats forvaltaren | | | x | Statsforvaltaren opprettheld motsegn til areal vi har motsegn til i kommuneplanen for Gulen. Småbåtanlegg | Vert tatt ut - og handsama i Gulen sin arealplan for land. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4629 | 117-2 | | Modalen, Nøttveit sør 73/1,<br>På andre sidan av elva er det gjort omfattande inngrep og det bør vurderast om ein heller skal få til noko der. | Opprettheld det forslaget som var i 1GH |
| 66 | Stats forvaltaren | 4631 | 144-1 | | Alver, Brusundet på Lygra, | Tas inn i arealplan i Alver kommune for land |
| 66 | Stats forvaltaren | 4631 | 121-6 | | Alver, Lygra, Lønnevågen<br>Vi rår til at ein tar ut dette området, om ein vel og ikkje gjere må det settast eit klart plankrav til området. | Tas inn i arealplan i Alver kommune for land |
| 66 | Stats forvaltaren | 4631 | 153 | | Alver, Lygra, Naustvik<br>Ei mindre utviding av småbåtanlegget er kanskje mogleg, om tiltaket fyller eit samfunnsmessig viktig behov for Lyngheisenteret og det ikkje er alternativ som er betre for strandsoneverdiane. | Dialog med Lyngheisenteret og søker - HK føl opp. Føl opp i Alver sin kommuneplan for land |
| 66 | Stats forvaltaren | 4634 | 129-2 | | Det er lagt ut fleire areal til småbåtanlegg eller småbåthamn i Hostelandsosen. Dei er vurdert kvar for seg, og utan vurdering av behov og alternative plasseringar.<br>Tiltaka er no spreidd rundt på fleire områder rundt osen.<br>Behov og plassering av båtplassar her må vurderast samla. Det er allereie fleire område for småbåtanlegg/hamn i område. Vi meiner at område ved Giljande bustadfelt, KU-nr. 4634-129-2 og Hosteland vest KU-nr. 4634-129-1 er uheldige.<br>Konsekvensutgreiinga skal vurdera forslaget opp mot lovleg tilstand på staden, og det er uklart kva dette er. Tiltaka som ligg der i dag er ikkje i samsvar med gjeldande plan, og var ikkje på ortofoto frå 2018. Det er ikkje opplyst om det er gitt dispensasjon for tiltaka. I reguleringsplanane for bustadfelta på Giljande er det sikra grøntområde mellom bustadene og sjøen. Dette må etter vårt syn opprethaldast. | Arbeidsgruppa tilrår at område ved Giljane bustadfelt vert teke ut av planen. Og at småbåtanlegget Hosteland Vest vert oppretthalde. Nærare avgrensing av dette anlegget er gjort i områdeplan for Hosteland Vest som nyleg er sendt på høyring. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 66 | Stats forvaltaren | 4634 | 129-1 | | Det er lagt ut fleire areal til småbåtanlegg eller småbåthamn i Hostelandsosen. Dei er vurdert kvar for seg, og utan vurdering av behov og alternative plasseringar. Tiltaka er no spreidd rundt på fleire områder rundt osen. Behov og plassering av båtplassar her må vurderast samla. Det er allereie fleire område for småbåtanlegg/hamn i område. Vi meiner at område ved Giljande bustadfelt, KU-nr. 4634-129-2 og Hosteland vest KU-nr. 4634-129-1 er uheldige. | Arbeidsgruppa tilrår at område ved Giljane bustadfelt vert teke ut av planen. Og at småbåtanlegget Hosteland Vest vert oppretthalde. Nærare avgrensing av dette anlegget er gjort i områdeplan for Hosteland Vest som nyleg er sendt på høyring. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4634 | 138-4 | | Forslaget gjeld småbåthamn. Konsekvensutgreiinga vurderer at forslaget er i stor konflikt med friluftsliv og kartlagt friluftsområde/badeplass. Tiltaket vil kunne auke privatiseringa av strandsona. Det er noko konflikt med omsyn til landskap, kulturminne og kulturmiljø og naturressursar.<br>Statsforvaltaren er samd i denne vurderinga. Vi meiner likevel at om arealet vert redusert og det vert sett plankrav til området vil det vere mogleg med ein utviding av småbåthamna. Det er viktig at ein då sikrar verdiane i badeområdet. Det må framleis vere både triveleg og trygt å bade. Statsforvaltaren fremjar motsegn mot utviding av småbåthamna slik det ligg i planforslaget. Motsegna er forankra i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. | Reguleringsplan vil avklare nærare arelbruk og omfang av tiltaket. Arbeidsgruppa meiner at SF ikkje har vektlagt behovet som er til stade høgt nok. |
| 66 | Stats forvaltaren | 4634 | 138-3 | | Konsekvensutgreiinga viser at hamneområdet vil føre til inngrep i eit urørt landskap, og ligg også ved kartlagt friluftsområde med verdi viktig. Stiar til dagsturhytta i Masfjorden går igjennom området på land. Vi hadde motsegn til arealinnspelet i kommuneplanprosessen, mellom anna fordi vi sakna ei vurdering av behov og alternativ. Vi kan ikkje sjå at dette er vurdert i den interkommunale planen.<br>Statsforvaltaren fremjar motsegn til dette området. Motsegna er knytt til at det er store verdiar i området i form av urørt natur, landskap og friluftsliv. Verknaden av føreslått arealbruk opp mot dei samla samfunnsinteressene kan heller ikkje vurderast før det ev. er gjort ei grundig vurdering av behov og alternativ plassering, samanlikna med dagens situasjon (0-alternativet). | Motsegn frå SF. Arbeidsgrupppa ser vanskar med å få gjennomslag for dette tiltaket i det vidare planarbeidet. Den aktuelle bedrifta har ikkje innvolvert seg. Forslaget er ikkje med i 2GH |
| 66 | Stats forvaltaren | 4634 | 138-6 | | Totland – akvakultur på land og i sjø, KU nr. 4634-138-6: Innspelet er frårådd i konsekvensutgreiinga, på bakgrunn av stort konfliktpotensial. Området ligg i eit heilskapleg kulturlandskap som vert betydeleg forringa av ei ev. utbygging.<br><br>Konsekvensutgreiinga vurderte temaet forureining og utslepp som gult. Vi meiner konsekvensutgreiinga her underkommuniserer tilstanden i fjorden. Dette er ein terskelfjord, som ikkje er eigna for utslepp. Vi vurderer difor arealet som ueigna til formålet. Sjølv med strenge reinsekrav, vil utsleppa verte større enn det resipienten toler. Det er knytt motsegn til dette arealet. Motsegna er forankra i vassforskrifta §13. | Masfjorden kommune meiner at både kulturlandskapet og strandområdet ikkje vert forringa, men forbetra, om planlagde tiltak vert gjennomført. Det vert vist til vedlagde fotografi, som viser stor behov for transformering og forbetring av landskapet.<br><br>Når det gjeld drøftinga knytt til kva resipienten toler, vil me gje vårt tilsvar så snart Rådgivende Biologer AS vert ferdig med rapport knytt til botnprøvar (MOM C). Den vert venteleg klar i løpet av nokre veker. |

| Nr | Avsendar | Kommune | Areal - innspel | Føresegn | Tekst - merknaden - frå avsendar | Merknad - svar<br>avskriving av merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 67 | CIT Holding AS | 4632 | 148-1 | | CIT Holding AS driver med oppdrett av torsk på lokaliteten Trøvika like nord for Senoksen, og vi stiller oss svært undrende til at planutvalget har valgt å ta med forslaget om ny lokalitet sør for Senoksen i planen. Dette da den foreslåtte lokaliteten bare ligger ca. 1,5 km fra vår lokalitet.<br><br>I konsekvensutredningen og ROS analysen ble det i tillegg frarådet å etablere denne lokaliteten på grunn av stort konfliktpotensial for tema naturmangfold i tillegg til negativ påvirkning på tema som forurensning og utslepp, landskap, kulturminne og kulturmiljø.<br>Med bakgrunn i dette ber vi om at foreslått nytt akvakulturområde ved Senoksen (ID: 4632-148-1) blir tatt ut av planen. | Ut i frå at avstanden til eksisterande lokaliet vert så liten er framlegget og ta Senoksen 148-1 ut av forslaget. Allersholmen vert ikkje fjerna som AKV lokalitet. Mattilsynet gir ikkje eit heilt eintydig svar - vil først skje ved konkret søknad.<br>Men avstandskravet er ganske vesentleg og det gir usikkerhet om område kan nyttast. |